

Arbeidskraft til – og busetting i - distriktskommunane

Nils Aarsæther

Tidl. professor i samfunnsplanlegging

UiT Norges Arktiske Universitet

Framstillinga går slik

1. Litt om bakgrunnen – eit Nordregio-prosjekt (2024)
2. Den totale omsnuden - frå overbefolka bygder til dagens situasjon
3. Høgkvalifiserte og fagarbeidarar: Stort behov for alle
4. Dei seks aktørgruppene som jobbar med dette problemet
5. Direkte og indirekte strategiar for å sikre arbeidskraft
6. Strategiske grep i fjellbygdene

"Rural Labour Shortage in the Nordic Countries"

- Min bakgrunn: Kommuneforskar og planforskar, ikkje minst undervisar og formidlar gjennom 50 år ved Universitetet i Tromsø
- Sunnmøring, kom til Tromsø i 1974 etter å ha studert i Bergen. Møtte Ottar Brox (1932-2024) og "blei med" til det nye UiT
- Tilsett på fagområdet Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning" - for å drive "Planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk"
- Ein landsdel med mykje liv og spetakkel, med fisk og fjell, eller i dag – med oppdrettslaks og vindturbinar...
- Hyra inn av Nordregio til studien av "rural labour shortage" våren 2024

Frå overbefolkning til mangel på folk

- Bygdene sin totalt endra karakter – befolknings- og arbeidskraftmessig
- Mens produksjonen – basert på jord, skog, vassdrag og hav er minst like stor som for 100 år sidan, og like nødvendig,
- Trengs berre 10% av arbeidskrafta i naturbasert produksjon, samanlikna med for 100 år sidan. Det var 250.000 bønder, no 25.000. 100.000 fiskarar, no 10.000. Alt på grunn av hydraulikken, forbrennings- og elektromotoren – altså teknologisk nyskaping
- Gjer at 5 % kan sørge for alt vi treng for å halde oss i live (mat) - dei øvrige 95% kan enten flytte til byen og drive forlagsvirksomhet og saksbehandling
- – eller i dag, gjere akkurat det same på bygda (digitalisering)

Norske bygder og småkommunar har sjansen

- Reint objektivt sett ser det ikkje mørkt ut.
- Folk treng mat, men er blitt bevisste på "kva slags mat" -
- Folk treng treprodukt, og skog/myr-røkt er avgjerande for klimaet
- Heile verda vil ha norsk kvalitetsfisk
- Heile verda vil puste i norsk bygdeluft. Reiselivet i vill vekst
- Digitalisering og breiband opnar for desentrale jobbar
- Norske småkommunar har ein fantastisk infrastruktur (eldreoms)
- Og landets mest rimelege bustader. Folkens, dette må gå bra?

Men det går ikkje så bra. For Oslo har vunne

- Byen har vunne kampen om det gode liv, særleg for unge. Storbyen, altså. Oslo er svaret på drømmen til MANGE unge.
- "Alle" søker til høgre utdanning, men ikkje kor som helst. Private høgskolar har oppretta titusenviis av nye studieplassar i Oslo, for det er dit mange unge vil studere – og seinare- jobbe. Staten opprettar stadig nye jobbar i Oslo. Djup skepsis mot utflytting
- Jobbe i Oslo = store fagmiljø. Store fagmiljø = kvalitet
- Treff på Tinder: Ingen by har så stort utval av potensielle kjærestar
- Og London er 19 minutt (flytoget) og 350 kr unna.
- Foreldre har pengar. Hjelper til med to-roms til 4,8 mill.

Distriktpolitiske snuoperasjonar

- Frå "skaffe jobbar i distrikta"
- Til "skaffe arbeidskraft til jobbar i distrikta"
- Industriarbeid blei sett på som "saliggjerande"
- Først i form av desentralisert storindustri (1946-1970)
- Så i form av små- og mellomstore industribedrifter (1970-talet)
- Deretter fokus på tenester, etterkvart reiseliv
- Og så, på 1990-talet oppdaga stadig fleire at det var arbeidskraft det stod om
- At det var jobbar og inntekter å hente, var ikkje nok

Strategiar for å møte problemet. Nokre viktige poeng:

- (1) Direkte eller indirekte strategiar?
- Den direkte strategien: Virksomheten manglar folk, då må vi få tak i folk: Rekruttering.
- Direkte strategiar er treffsikre, men også kortsiktige:
- For det er to grunnleggande problem - (a) det er for lite folk, generelt i Norge, (b) folk lever ikkje av jobben aleine.
- Men både bedrifter og kommunar er henviste til å praktisere direkte strategiar – vel vitande at ikkje er nok. Rekrutteringsfirma har gode dagar. Vikarbyråa også.

Indirekte strategiar

- Indirekte strategiar tar utgangspunktet i at arbeidssøkande vurderer meir enn berre jobben. Dei ser vel så mykje på det som er rundt jobben: Eit breiare arbeidsmiljø, bolig, jobb for partner, oppvekstvilkår, fritidstilbod (både natur og idrettsanlegg), barnehage, skole, kommunikasjonar, stedet sitt omdømme
- Indirekte strategiar er oftast langsiktige, men kan også kome som nedfallsfrukt (TV-serie eller Utube som går viralt om kor fantastisk til er i Lom)
- Felles for indirekte strategiar er steds-fokuset (meir om det seinare)

Dei seks aktørgruppene i arbeid

- I Nordregio-prosjektet opererer vi med heile seks typar aktørar som har strategiar for å skaffe arbeidskraft til distrikta:
- Staten
- Fylkeskommunen
- Kommunen
- Næringsorganisasjonar (berre direkte strategiar)
- Enkeltfirma, store og mellomstore: Nettverking og byråbestilling
- Produksjonshushald: Handtere generasjonsskifte

Tenke samspel og kunnskap: "Alle må med"

- Dei seks aktørgruppene har alle sine særpreg og ulik grad av nærheit til utfordringane.
- Heldigvis har vi eit solid kunnskapsgrunnlag, og to særst viktige institusjonar som kan oppdatere kunnskapen:
- Distriktssenteret (Steinkjær, Sogndal, Sandnessjøen)
- Ruralis ("Bygdeforsking") i Trondheim
- Men det er KOMMUNEN som har hovudrolla i arbeidet med å formidle kunnskap, planlegge, skaffe arbeidskraft sjølv, koordinere det heile – og som den ansvarlege for stedsutviklinga.

For det er stedsutvikling som er nøkkelen

- Eit vellykka sted i distriktet må mestre spagaten mellom å framtre som urbant og ruralt. Vere både mini-by OG bygd.
- Korfor finn folk seg i ville husprisar, trang kvardag, mykje skoleproblem og kriminalitet? Jo, byen byr på eit ungdommeleg miljø, nye opplevingar og møteplassar. Det er visse urbane kvalitetar som distrikta bør etterlikne, i sterkt nedskalert form
- I form av samlokaliseringar og det å gjere livet lettare for unge familiar
- Og der det ikkje går, sikre tilgang til by-oppleving gjennom gode kommunikasjonar

Skal så kommunane konkurrere om arbeidskrafta?

- Ja, vi kjem utanom det.
- Men i Norge kan alle vinne, for naturtilgangen (Jakt, fiske, friluftsliv, dødsingsmuligheter i ulike kombinasjonar er nærpå likt fordelt. No er det Skjerpa-trapp snart kvar kommune)

Prioriterte tiltak

- I Nordegio-rapporten (som enno ikkje er komen) er det lista seks viktige tiltak:
- **Mobilisere og oppgradere lokale "reservistar"**
- **Styrke fagopplæring for unge**
- **Legge til rette for tilbakeflytting**
- **Lokal boligpolitikk (både ungdoms- og familieboligar)**
- **Mobilisere og kvalifisere flyktningar/asylsøkarar**
- **Sikre sosialt bærekraftig innvandring**

Viktig å sette seg inn i

- Distriktssenteret (2020):

Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene – en oppsummering av kunnskap.

Meld. St. 27 (2022-2023): **Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikkk for framtida.**